



Saksbehandlar: Anne-Kjersti Stenehjem, Fylkesrådmannen  
Sak nr.: 15/10806-1

## Årsmelding 2015 - fylkesrådet for eldre

### **Sekretæren rår fylkesrådet for eldre til å gjere slikt vedtak:**

1. Årsmelding 2015 vert godkjent
2. Fylkesrådet ber sekretariatet om å justere meldinga i samsvar med dei innspel som kom fram under handsaminga i møtet den 18. mars 2015
3. Fylkesrådet ber administrasjonen om å legge årsmeldinga tilgjengeleg på heimesida til fylkeskommunen
4. Fylkesrådet ber administrasjonen distribuere årsmeldinga til fylket sine kommunale eldreråd

Vedlegg:

Årsmelding 2015

## **SAKSFRAMSTILLING**

### **1. Samandrag**

Årsmeldinga skal gi ei nøktern oversikt over rådet sitt føremål, samansetjing og aktivitetar i året som har gått.

Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er eit rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem dei eldre. Rådet kan også på eige initiativ ta tak i saker som eldrerådet meiner bør setjast på dagsorden. Rådet skal medverke til at politiske målsetjingar vert følgde opp. Rådet kan også på eige initiativ ta opp saker som gjeld levekår for eldre.

I møte i fylkesutvalet 30. november 2011 under sak 128/11: Val av medlemer til nemnde o.a. Valperioden 2011 – 2015, vart følgjande valde som medlem av fylkesrådet for eldre:

Eivind Skjerven - leiar	varamedlem er: Grete Eltvik
Rønnaug Holmøy - nestleiar	varamedlem er: Anna Sofia Skaar
Harald Ekroll - medlem	varamedlem er: Arne Rognaldsen
Kristoffer Skjolden - medlem	varamedlem er: Astrid Martinsen
Anita Nybø - medlem	varamedlem er: Claus Kvamme

Rønnaug Holmøy søkte om fritak frå vervet i juli 2014. Fylkesutvalet handsama søknaden i møte 18 august 2014, og gjorde slikt vedtak:

1. *Rønnaug Holmøy får fritak i vervet i fylkesrådet for eldre for resten av valperioden*
2. *Anna Sofia Skaar rykkjer opp som fast medlem for resten av valperioden*

I sak 6/14 i fylkesrådet for eldre vart det gjord følgjande vedtak:  
*Fylkesrådet for eldre vel Harald Ekroll som ny nestleiar i fylkesrådet ut inneverande valperiode.*

Samansetninga i fylkesrådet for eldre resten av perioden:

Eivind Skjerven - leiar                          varamedlem er: Grete Eltvik

Anna Sofia Skaar - medlem

Harald Ekroll - nestleiar                          varamedlem er: Arne Rognaldsen

Kristoffer Skjolden - medlem                          varamedlem er: Astrid Martinsen

Anita Nybø - medlem                                  varamedlem er: Claus Kvamme

#### **4. Konklusjon**

Dei faktiske aktivitetane rådet har delteke i kjem fram i sjølve meldinga. Rådet vil drøfte dette innhaldet på sitt møte 28. oktober, og sekretariatet redigerer i etterkant meldinga og ferdigstiller den i samsvar med dei innspela som kjem fram i møtet.